

Velkommen til foreldremøte

Måndag 17.04.23 kl. 18-20 – Naustdal skule – Elevkantina

«GODT NOK»

Naustdal skule og FAU ynskjer også denne våren å gje føresette eit møtepunkt med eit aktuelt tema. I år er vi så heldige at vi får besøk av føredragshaldar **Andreas Gravdal** til vårt felles foreldremøte.

Gravdal driv podcasten «Anticoach», som han sjølv skildrar som *ein podcast heilt utan suksessfilter*. Han har skrive to bøker: «En utrolig bra bok for unge folk» og «2. plass holder, takk». Sidan 2010 har han reist rundt i Noreg med føredrag og undervisning for unge og vaksne med det mål om å inspirere til å senke skuldrane og løfte blikket. Hovudbodskapen til Gravdal er «godt nok», og han gler seg til å komme til Naustdal for å snakke om dette tema. Han vil fokusere både på å vere god nok på individnivå, men også knyte det opp mot inkludering og fellesskapet.

Gravdal skal først på dagen ha ei økt for elevane på ungdomstrinnet, før han møter foreldregruppa kl. 18.00 i elevkantina. Foreldremøtet er for alle føresette frå 1.-10. trinn, og vi ber om at de allereie no set av datoen i kalendaren og grip denne unike moglegheita til å få med dykk eit inspirerende føredrag, som kan vere til nytte for oss alle.

Som ein liten smakebit, kan de sjekke ut denne vesle snutten, som er eit utdrag frå då Gravdal besøkte [Nyhetsmorgen på TV2](#). De kan også sjekke ut [podcasten hans her](#).

Ser dykk 17. april kl. 18.00-20.00.

På vegne av FAU og Naustdal skule

Annlaug Birkeland
FAU-leiar

Tonje Løddøen Hove
Nestleiar FAU

Hilde Sognnæs Strandos
Assisterande rektor

Gunn Marit Haugsbø
Rektor



Sunnfjord kommune